


AUGUST 2024



RAPPORT:

UTFORSKING OG UTVIKLING AV NYE REGIONALE BUSTAD- SAMARBEID I HALLINGDAL

Undervegsrapport frå prosjektet «Utforsking og utvikling av nye regionale bustadsamarbeid i Hallingdal». Prosjektet er ein del av regionalt program for bolyst i Hallingdal 2022-2025.

OPPSUMMERING 02

I juni 2023 fekk Hallingdalsregionen, ved Ål kommune, tilsegn om tilskot til prosjektet “Utforsking og utvikling av nye regionale bustadsamarbeid i Hallingdal” frå ordninga *Bustadutvikling i distrikta*. Ordninga er administrert av Husbanken og Distriktssentret på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Hallingdal/ Ål var ein av 14 tilskotsmottakarar i tildelingsåret 2023/2024. Dette dokumentet er eit vedlegg til sluttrapporten av prosjektet som skal leverast til Husbanken innan 30.11.2024.

I juni 2024 fekk Hallingdal/ Ål tilsegn om tilskot frå same ordning til vidareutvikling av prosjektet gjennom ei ny satsing: “Regionalt bu-pilotkontor i Hallingdal”. Dette prosjektet skal foregå 2024-2025.

Med tanke på at det no er løyvd midlar til ei vidareføring, er det hensiktsmessig å sjå dei to prosjekta under eitt. Denne rapporten kan derfor gjerne lesast som ein *del-rapport* og ei midtvegsevaluering av det større, pågåande arbeidet som skal foregå ut 2025.

Hovudfokuset i rapporten er på å dokumentere tiltak og aktivitetar som er gjort i 2023/2024, evaluere førebels oppnådde resultat og samle kunnskap som til no er henta inn i arbeidet.

Prosjektet har så langt bidrege til å auke kompetansen i prosjekt-organisasjonen når det gjeldt Hallingdalskommunene sine handlingsrom, roller og moglege verkemidlar i bustadpolitikken. Det har også vore lærerikt å sette seg inn i prosjekta til dei andre tilskotsmottakarane og det er oppretta kontakt med tanke på erfaringsutveksling med fleire av dei. Vi har også fått auka kompetanse på både større anbudsprosessar og på konsept-utviklingsprosessar.

Prosjektet har vidare frambrakt ny innsikt og kunnskap om bustadbehov- og preferansar hjå utvalte innbyggargrupper i Hallingdal. Det har tidlegare særleg mangla kunnskap om kva bustadpreferansar personar med annan landbakgrunn enn norsk, har. Dette har vi no oppdaterte innsikt om. Prosjektet har også bidrege til aukt dialog mellom offentlege og private aktørar, og ein ny, felles arena for drøfting av bustad- og bu- og blilystproblematikk, gjennom bustadnettverket i Hallingdal.

I 2022 gjekk Hallingdalskommunene, Regionrådet i Hallingdal, omstillingsprogrammet Sats på Hallingdal og Buskerud fylkeskommune (tidl. Viken) saman om ei forpliktande, treårig satsing på «bu- og blilyst» i regionen.

Program for bolyst i Hallingdal 2023-2025 vart vedteke i programstyret oktober 2023 og har som mål å finne ut *kva tiltak som gir best effekt i regionen når det gjeldt å halde på innbyggjarar, hindre at dei flyttar ut og tiltrekke seg nye tilflyttarar.*

Vidare er det eit mål at etter gjennomførte delprosjekt, skal programmet over i drift i kommunene. Det er også eit mål å få ein mer systematisk oversikt over kva som allereie er kartlagt på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, knytt til “bu- og blilyst”. Dette kan i dag vere vanskeleg å skaffe seg oversikt over. Der det finst lite eller begrensa informasjon med relevans for Hallingdals-regionen skal programmet gjere utfyllande kartlegging, slik at behov vert tydeleggjort.

Programmet har definert tre utvalde innsatsområder: Bustadutvikling, trivsel og tilhøyre, og attraksjonskraft. Kvart innsatsområde blir arbeidd med gjennom eigne prosjekt, men det er også lagt vekt på tett samarbeid og dialog mellom prosjekta for å sikre eit heilheitleg perspektiv på bu- og blilyst.

Program for bolyst er eigd av kommunene ved ordførarane. I programstyret sit kommunedirektørgruppa i Hallingdal (KRU), leiar i Regionrådet, Buskerud fylkeskommune og Distriktssenteret. Regionrådet har i tillegg programleiinga, medan tilsette frå kommunene er prosjektleiarar og prosjektgruppe-medlemmer i dei tre innsatsområda/ underprosjekta.

Denne rapport omhandlar innsatsområdet *bustadutvikling*. Prosjektet skal utvikle nye samarbeidsformer og modellar for korleis kommunene i Hallingdal saman kan ta ei pådrivarrolle i bustadutvikling, i lys av eit heilheitleg stadsutviklingsperspektiv.

Ål kommune har prosjektleiinga. Prosjektet har tredelt finansiering: Eigeninnsats frå Ål kommune a kr 200 000, tilskot frå Sats på Hallingdal a kr 200 000 og tilskot frå Husbanken/ Distriktssenteret a kr 250 000.

OVERORDNA MÅL I PROSJEKTET:

Prosjektet skal drøfte og analysere korleis Hallingdal som region kan løyse vanlege distriktsutfordringar knytt til bustadutvikling, til dømes ved å:

- Kartlegge og prøve ut nye modellar for samarbeid med aktørar i regionen (og mellom kommuner på tvers) som reduserer tapsrisikoen ved nybygging og kjøp av nybygde hus.
- Kartlegge og prøve ut nye modellar for samarbeid med aktørar om fleirbustadprosjekt som t.d. prøvebustader, generasjonsbustader, kollektivbustader og utleigebustader.
- Teste ut nye typer medverknadsverkstader og andre aktivitetar som engasjerer og skapar dialog med innbyggjarar, bustadaktørar og potensielle tilflyttarar.

Gjennom prosjektet håpar vi å oppnå:

- Aukt kompetanse i og mellom kommunene om innovative og alternative samarbeidsformer innan bustadutvikling, gjennom læring av kvarandre, erfaringsdeling frå andre og tettare dialog.
- At det er etablert eit felles kunnskapsgrunnlag for kva ein heilheitleg bustadpolitikk er, basert på forskning, kartlegging og kunnskapsinnhenting.
- Oppdatert innsikt i kommunene om ulike målgrupper sine ulike behov, og ulike løysingar tilpassa desse.
- Aukt innbyggarmedverknad gjennom t.d. kvalitative intervju og medverknadsverkstad.

Bustadhus i Hemsedal kommune. Foto: Hallingdølen



GJENNOMFØRTE TILTAK / AKTIVITETAR

05



Offentleg-privat bustadnettverk

Hausten 2023 vart offentleg-privat bustadnettverk i Hallingdal etablert i regi av Regionrådet og Hallingdal Næringshage (v. Bjarte Reve). Det er organisert som eit eige prosjekt, finansiert av Sats på Hallingdal, men det har samarbeid tett med dette prosjekt m.a når det gjeldt kartleggingar og workshops, inkl. spørreundersøkinga om bustadbehov (sjå neste pkt.). Nettverket har vore ein viktig arena for å drøfte problemstillingar i dette prosjekt og sikre dialog mellom ulike aktørar.



Spørreundersøking om bustadbehov

Nettverksprosjektet og dette prosjekt samarbeida ved årsskiftet 2023/2024 om å gjennomføre ei digital spørreundersøking om bustadbehov- og preferansar blant innbyggjarar og potensielle tilflyttarar. Undersøkinga vart satt opp med bistand fra Anna Design/ Growlab. Målgrupper: Potensielle tilflyttarar, førstegangs-etablerarar, innbyggjarar med annan landbakgrunn og personar over 60 år. Vi nådde 1100 respondentar, korav 950 i målgruppene.



Medverknadsmøter og workshops

Rapport med funn frå spørreundersøkinga har danna grunnlag for medverknadsarbeid og ei rekke møter i 2024. Nettverket fekk t.d. ein grundig presentasjon og gjennomførte ein utfyllande workshop, fasilitert av Anna Design i samarbeid med dette prosjektet, 30.01.2024.

Funn er også presentert og arbeidd med på bustadmøter for seniorar, i samarbeid med Ål bygdekvinnelag (mars) og Ål Pensjonistforening (april og juni). Der bidrog også utbyggjarar og arkitektar. Funn er også presentert på møte i regi av Bu i Skurdalen, eit frivillig/ innbyggjarinitiert bulystprosjekt i Hol kommune, der også lokale bankar, ordførar i Hol og bulystprosjekt i Ål og Nore & Uvdal var med.

Sist, men ikkje minst, vart funn lagt fram på heildags regional samling om bulyst i Hallingdal på Gol 03.06.2024, der politisk og administrativ leiing frå kommunene og regionen deltok. Her vart det arbeidd med planar for vidare tiltak.



Fokusgruppeintervju

For å få utfyllande innsikt til vidare arbeid gjennomførte vi i samarbeid med dei to andre innsatsområda (attraksjonskraft og trivsel/ tilhøyre) tre fokusgrupper med tilsaman 35 unge vaksne innbyggjarar, samt med ti arbeidsgjevarar, i mai 2024. Også dette vart gjort med bistand fra Anna Design (finansiert av dette prosjekt). Funn frå fokusgruppene har vore viktige for å definere vidare tiltak.



Konseptutvikling

I tråd med prosjektet sitt mål om å “prøve ut nye modellar for samarbeid med aktørar om fleirbustadprosjekt” (som t.d. prøvebustader, generasjonsbustader, kollektivbustader og utleigebustader) brukte vi medverknadsmøter med seniorar til å få innspel til potensielle sosiale buformer i Hallingdal. Innspela vart nytta av arkitektfirmaet KINICO til å utarbeide konseptskisser til eit leiligheitsbygg og eit småhuskonsept. Begge konsepta er laga med tanke på at dei skal kunne nyttast til vidare utvikling i heile regionen.



Formidling, deling og læring

Prosjektet, inkludert spørreundersøkinga og bustadnettverket, har også fått brei omtale i lokalavisa Hallingdølen, noko som har bidrege til å vekke engasjement og interesse for bustadtematikken. Ål kommune har halde presentasjonar på webinar i mars og på bustadkonferanse i Lom 22.05.2024. Vi har vidare hatt møter med prosjektleiinga for tilsvarande bustadutviklingsprosjekt i Folldal kommune, og får hausten 2024 besøk fra Skjåk kommune. Konseptutviklingsarbeidet saman med KINICO er formidla i digitale flater, både gjennom eigne heimesider og i eige nyheitsbrev.

Anna Tokle Amundsen frå Anna Design har base i Møre og Romsdal, men har bistått prosjektet med tjenstedesign, workshopfasilitering og utforming av spørreundersøking (i samarbeid med bustadnettverket). Samarbeidspatnar har vore Mads Pålsrud frå Growlab. Her er Anna på workshop med bustadnettverket 30.1.2024. Foto: Hallingdølen.



1. Behovskartlegging

Kva er dei enkelte kommunene sine bustadbehov? Kva er felles og kva er unikt for den enkelte? Kva er næringslivet sine utfordringar knytt til bustadmarknaden? Kva er eksisterande innbyggjarar og potensielle tilflyttarar sine bustadbehov og preferansar anno 2023-2024?

Oppnådd resultat:

- Innlegg frå kvar kommune om bustadbehov på bustadnettverksmøte 18.03.2024.
- Innlegg frå næringslivet om utfordringar/ behov på nettverksmøte 28.05.2024 samt workshop med kommuner og næringsliv 30.01.2024.
- Digital spørreundersøking med 1113 respondentar gjennomført desember-januar 2024.
- Fokusgrupper med innbyggjarar og arbeidsgjevarar gjennomført 13. og 14.05.2024.

Gjenstår: Innhente skriftleg innsikt/ materiell frå kommunene: Tomtereserver, bustadpolitiske strategiar og planer i kommunene, oppfølging av buplikt osv.

Gjennomførast innan: 01.11.2024

2. Lys i alle glas

Kva er status for ubebudde bustader i Hallingdal anno 2024/2025 og er det behov og ynskje i kommunene om å gjere eit nytt «Lys i alle glas»-prosjekt, t.d. etter modell frå Nord-Gudbrandsdalen?

Oppnådd resultat: Dette arbeidet er ikkje påbegynt. Etter å ha sondert interesse i programstyret (Kommunedirektørutvalet i Hallingdal) i mars 2024, er dette lagt på vent då det vart lågt prioritert.

Gjenstår: Avklare med programstyret om eventuell gjennomføring skal iverksettast, t.d. som del av oppdraget til regionalt bu-pilotkontor, eller om dei ikkje anser dette som eit prioritert fokusområde.

Gjennomførast innan: 01.10.2024

3. Organisatorisk samarbeid

Kartlegge interesse og undersøke moglegheita for å etablere ein bustadorganisasjon, eit boligbyggelag eller eit IKS i Hallingdal som jobbar med bustadbygging.

Oppnådd resultat:

- Sondering om interesse i digital spørreundersøking til kommunedirektørar i mars 2024 - samla sett ynskje om å få vite meir/ få betre grunnlag for vidare vurdering.
- Også drøfta i bustadnettverksmøter våren 2024. Der er det løfta moglegheit for å sjå til "Oslobolig" for å vurdere etablering av noko tilsvarende i Hallingdal. Sjå oslobolig.no. Nettverket har prioritert vidare arbeid med dette.
- Utgreiing om moglege modellar for korleis ein (eventuelt) kan etablere formelle organisatoriske samarbeid er i prosess. Forespørsel sendt ut juni 2024, marknadssdialog og leverandørval blir gjort i august/september.

Gjenstår: Gjennomføre kartlegging med bistand frå ekstern leverandør. Følge opp rapport og eventuelle anbefalingar i rapport med vidare arbeid, som ein del av regionalt bopilotkontor 2025.

Gjennomførast innan: 01.02.2025

4. Økonomisk samarbeid

Kartlegge interesse og undersøke moglegheita for å opprette eit regionalt fond eller eit annan finansielt instrument som kan gje garantiar for byggelån eller tilbakekjøpsgarantiar.

Flå, Ål og Hol kommune har i dag kommunale tilskotsordningar retta mot bustadkjøparar- og byggarar. Er det ynskjeleg eller hensiktsmessig å vurdere regionale tilskotsordningar, som eit alternativ?

Oppnådd resultat:

- Sondering om interesse i digital spørreundersøking til kommunedirektørar i mars 2024 - samla sett ynskje om å få vite meir/ få betre grunnlag for vidare vurdering.
- Utgreiing om moglege modellar for korleis ein (eventuelt) kan etablere felles fond og samarbeid er i prosess. Forespørsel sendt ut juni 2024, marknadssdialog og val av leverandør blir gjort i august. Oppstart kartlegging i september.

Gjenstår: Gjennomføre kartlegging med bistand frå ekstern leverandør. Følge opp rapport og eventuelle anbefalingar i rapport med vidare arbeid, som ein del av regionalt bopilotkontor 2025.

Gjennomførast innan: 01.02.2025

5. Regionalt bu-pilotkontor

09

Kartlegge interesse og undersøke moglegheita for å etablere ein regional kompetanse- og rådgjevingsfunksjon i Hallingdal, som m.a kan vere prosjektlos/ bindeledd mellom bustadbyggjarar (individ, bedrifter og andre samanslutningar) og kommuner.

Oppnådd resultat:

I sondering med kommunedirektørar vart det ytra ønske om betre grunnlag før ein eventuelt går vidare med dette. Det vart difor beslutta søkt om midlar til eit forprosjekt som skal sjå på mogleg organisering-, drifts og finansieringsmodell for ein slik funksjon.

- Søknad til Husbanken/ Distriktssenteret vart innvilga med tilsegn a kr 550 000 i juni 2024. Midlane skal primært gå til å etablere ei prosjektstilling i inntil 1 år. som skal jobbe fram drifts- og finansieringsmodell for eit potensielt regionalt bupilotkontor.

Gjenstår:

- Etablere prosjektorganisasjon og skrive prosjektplan.
- Etablere samarbeidsavtaler og partnerskap med t.d. lokale bankar.
- Søke midlar frå stiftingar o.l. for å evt kunne fullfinansiere prosjektstilling.

Gjennomførast innan 30.11.2025



Over: Susanne S. Østro fra Eiendomsmegler1 og Stian Oland fra Hallingdal Hyttetjeneste på workshop 30.1.2024. Arbeid med funn fra bustadkartlegginga i Hallingdal.



Til venstre: Engasjement på medverknadsverkstad om sosiale buformer for eldre. Med bygdekvinnelaga i Ål, 13.3.2024

Under: Avstemming ved hjelp av klistremerker og plakatar på workshop med bygdekvinnelaga i Ål.





Maria Grevsgård, prosjektleiar i Sats på Hallingdal, og Lars Erling Granrud, bygdeutviklar i Nore & Uvdal, på workshop 18.3.2024

Øverst til venstre: Dagleg leiar i Skue Sparebank, Tony Kjøl, presenterer banken sitt syn på bustadmarknaden i Hallingdal på nettverksmøte 18.3.2024.

Nederst til venstre: Ordførar i Gol, Heidi Granli, presenterer bustadbehov i Gol.





Stort oppmøte og engasjement hjå deltakarane på bustadmøter for eldre i Ål kulturhus 24.4 og 4.6.2024. Arrangement i samarbeid med Ål pensjonistforbund.

På møtene har det både vore informasjon, foredrag, medverknadsarbeid, orienteringar om DEB-klubbar og digitale avstemmingar.





Over: Presentasjon av bustadprosjektet "Fjell-ljom" i regi av Bu i Skurdalen, eit innbyggjarinitiert bulystprosjekt i Hol kommune.

Frå venstre: Kåre Gåsbakk, Sparebank1 Hallingdal; Tony Kjøl, Skue Sparebank; Sigrid Simensen Ilsøy, ordførar i Hol; Lars Erling Granrud; bygdeutviklar i Nore & Uvdal; Britt Haugen; Bu i Skurdalen, Mari Fjørtoft; Bu i Skurdalen.

Til ventre: Tilflyttar i Ål, Line L. Berg blir filma av fotograf Vegard Breie i samband med fokusgruppeintervju 13.05.2024.



GRUPPAS TRE PRIORITERTE TILTAK:

KRITERIER TIL Å PRIORITERE TILTAKENE:

- TILTAKETS NYTTE/EFFEKT FOR Å FÅ FLERE INN PÅ BOLIGMARKEDET I HALLINGDAL
- TILTAKETS KOSTNADER
- TILTAKETS GJENNOMFØRBARHET INNEN 2026

Dreft + notér:

Hvilke dekker kriteriene best?
Hva er enkleste versjon av tiltaket, versjon 1.0, som vi kan sette igang med først?
Hvem skal stå ansvarlig og hvem er samarbeidspart?

TILTAK 1
Lei til eie

TILTAK 2
"Halling bolig"

TILTAK 3
Lønne gamle småbruk til bolig. Flere boerker

Til venstre: Svarark frå workshop i bustadnettverket i Hallingdal 28.5.2024. Deltakarane jobba i grupper med å prioritere tiltak for vidare arbeid.



INNSIKT OM BUSTAD-MARKNADEN I HALLINGDAL

For det første har prosjektet gitt oss innsikt i at det er store lokale variasjonar i bustadmarknaden i regionen. Hallingdal har ikkje *ein* bustadmarknad, men mange små.

Det er store skilnader i bustadmarknaden mellom kommunene, men også innad i ei og same kommune. Faktorar som påverkar bustadmarknadene lokalt, er t.d. fritidsbustadmarknaden, tilflytting- og fråflytting, buplikt, sentrumsutvikling, næringsutvikling, bygging av sentrumsnære leiligheiter, kommunale planer og reguleringspolitikk, og vilje og interesse til å satse hjå lokale investorar og utbyggerar.

Prosjektet har så langt gitt oss følgande *generelle innsikt* som regionen, inkludert kommunene og bustadaktørar, bør jobbe vidare med:

Høge forventningar om låge prisar

Innbyggjarar i, og potensielle tilflyttarar til, Hallingdal, har ulike forventningar knytt til pris for nye og brukte bustader basert på ulike områder i dalen. Men det er generelt ei forventning om at bustader i Hallingdal skal vere rimelegare enn tilsvarande bustader i meir sentrale, bynære strøk. Det er også forventningar om at bustader i grendene (spreidt busetnad) skal vere rimelegare enn bustader i kommunesentra.

Ingen bustadtrapp

Førstegongskjøparar i Hallingdal går ikkje “bustadtrappa” på same måte som førstegongskjøparar i enkelte byar, som i takt med livsendringar kjøper seg større og større bueiningar. Slik kjøper dei seg også tradisjonelt “opp” i pris, verdiauke og bukvallitet. I Hallingdal ynskjer unge etablerarar å oppnå høgast mogleg kvalitet og storleik på bustaden allereie ved første gongs etablering. Det bidreg t.d. til at også enkelthushaldningar ynskjer seg relativt store einebustader, og det relativt tidleg i vaksenlivet og yrkeskarrieren.

Reell marknadsverdi?

Bankar og eigedomsmeglarar i Hallingdal nyttar likens med andre e-takst som bransjestandard og verktøy for å berekne verdi på eigedomar. E-takstverdi er basert på statistiske data for m.a. standard, beliggenheit og salspris for tilsvarande bustader i nærområdet. Saman med den enkelte megjar sine erfaringar og kunnskap om bustadmarknaden dannar dette grunnlag for marknadsverdien som blir brukt til berekning av lån og ved prissetjing. I områder i Hallingdal der det i fleire tiår har vore omsatt svært få bustader, bidreg statistikken til å setje e-taksten/ marknadsverdien til bustader lågt. Kanskje også lågare enn det reell etterspørsel tilseier at den bør vere?

Økonomi og finansiering

Eit eksempel som viser ei typisk "utfordring" i bustadmarknaden i Hallingdal, er dette: Eit ungt, utdanna par med eitt born, ynskjer å etablere seg i ei grend i regionen. Begge har studert og kjem med ettertrakta arbeidskompetanse. Dei ynskjer å bygge ein stor familiebusad - planen er å slå seg ned her "for godt".

Nyetablerte og med samla høg studiegjeld finn dei ut at bankane ikkje kan gi lån til meir enn 1/3 av "draumehuset". Marknadsverdien, basert på beliggenheit og omsetnadsstatistikk, er nemleg for låg - langt lågare enn byggekostnadene.

Saman med utbyggjar reknar dei på prosjektet, men sjølv om dei reduserer storleiken dramatisk, bidreg høge materialprisar, kostnad til handtverkarar og fordyrande byggetekniske krav til at det blir umogleg for dei å finansiere bustaden med eit ordinært bustadlån og opptent eigenkapital.

I prosjektet er dette eit av fleire eksempel/floker som stadig går att og har vorte drøfta:

- *Handlar det om forventningar?* Bør vi jobbe med forventningsavklaring opp mot etablerarar for å skape meir realistiske bilete av kva ein kan få til på bustadmarknaden i Hallingdal? Kva vil det eventuelt gjere med attraksjonskrafta til regionen? Ein del av Hallingdal sin attraktivitet er nettopp knytt til "draumen om eit stort hus med hage".
- *Handlar det om boliglånsforskriften?* Er det politisk handlingsrom for å påverke denne i samband med årets revidering, og kunne ein t.d. ha jobba for at studielån ikkje skal takas med i gjeldsgradberekningar, i distrikts-kommuner?
- *Handlar det om eigeomsverdi*, som beskrive over? Finst det andre måtar å berekne den, som tek betre høgde for regionens statiske bustadmarknad og at folk i stor grad etablerer seg for eit "livsperspektiv"?
- *Handlar det om stimulering?* Er problemstillinga mest effektivt løyst med direkte stimulering av enkeltindividua det gjeldt, i form av t.d. tilskudd til tilflyttarar, tilskudd til unge bustadbyggjarar osv? Kva tilskotsordningar fungerer eventuelt best - og med kva effekt?

Manglande Husbank-kompetanse

For å halde fram med eksemplet over, så kan ein tenke at det unge paret som ikkje får lån i den lokale banken, i staden undersøker moglegheta for startlån frå Husbanken. De henvender seg til kommunen, men der blir dei henvist til NAV som administrerer ordninga på vegne av kommunen.

NAV viser til Husbanken.no, og den digitale søknadsportalen. På husbanken.no finn dei god og generell informasjon, men på kommunen og det lokale NAV-kontoret sine heimesider står det lite om kommunens spesifikke praksis for startlån. Informasjonen dei les er også motsigande. Det oppgis at unge i etableringsfasen ikkje kvalifiserer til startlån. Samstundes står det at ein kan få startlån viss det er avgjerande for at ein skal kunne fortsette å jobbe i kommunen og det er behov for arbeidskompetansen.

Kort sagt: Det unge paret opplever informasjonen om Husbanken som mangelfull og uoversiktleg. Dei skulle ynskje det fantes ein instans i kommunen eller NAV lokalt som kunne rettleie dei gjennom prosessen. I kommunen er det også usikkerheit knytt til kva som er gjeldande retningslinjer for startlån. Skal det kun brukast til vanskelegstilte,

kan startlån gis til eldre og korleis skal ein eigentleg praktisere “distriktsunntaket”, som sier at kommunen kan nytte startlån for å behalde og rekruttere arbeidskraft?

Prosjektet har så langt vist at det kan vere mykje å hente på å samle kompetansen om Husbanken i Hallingdal, og å jobbe meir strategisk med å heve kompetansenivået kring aktuelle ordningar både i kommunene og hjå innbyggjarane.

Tapsrisiko = etableringsrisiko

Tapsrisikoen knytt til nybygg enkelte stader i regionen, kombinert med få brukte bustader på marknaden, fører til det vi kan kalle ein sosial “etableringsrisiko”.

Vi ser nemleg at tilflyttarar som blir buande lenge i midlertidige legebustader er meir tilbøyelege til å flytte vekk/ ut frå Hallingdal etter relativt kort tid enn dei som fort kjøper eller bygger.

Årsaker til at tilflyttarar ventar med å kjøpe eller bygge er imidlertid at det blir opplevd som usikkert og ein for stor risiko å skulle investere i eit nybygg eller å pusse opp ein eldre bustad i regionen. Her er det imidlertid lokale/kommunale forskjellar. Så lenge ein ikkje vel å etablere seg med eigen bustad, opplever ein heller ikkje å vere bunde til Hallingdal. Den sosiale kontrakten, både for tilflyttaren og for lokalsamfunnet (som er usikker på om hen blir verande), er då skjør.

Denne problemstillinga viser at det er tett samanheng mellom bustadproblematikken, trivsel og tilhøyre og attraksjonskraft. Altså at alt spelar saman i eit heilheitleg bilete av “bu- og blilyst”.

Få tilgjengelege sentrumsnære tomter

Igjen ei problemstilling med ulike lokale variasjonar, men generelt viser bustadkartlegginga utført i 2023/2024 at fleirtalet av innbyggjarar og potensielle tilflyttarar ynskjer å bu i sentrumsområda i Hallingdalskommunene.

Jordvernet er i dag styrkt og blir forvalta av kommunene gjennom jordlova og plan- og bygningslova, og legg ofte begrensningar på det som kan vere attraktive bustadområder i regionen. Balansen mellom stads- og samfunnsutvikling og bevaring av jord- og landbruksressursar er ein problemstilling som høyrer med i diskusjonane om bustadutvikling i kommunene.

Oppfølging av buplikt

Gjennom prosjektet har det også stadig kome opp problemstillingar knytt til oppfølging av buplikt i kommunene. Det har i bustadnettverksmøte vorte hevda at det i enkelte bustadfelt, i nokre kommuner i regionen, er “svarte felt” i motsetning til “lys i alle glas”.

Kommunene har ulike verkemiddel og metoder for å følge opp buplikta, men det trengs ein betre oversikt over korleis det blir gjort og dokumentert. Kan hende er dette noko som eit regionalt bu-pilotkontor kan arbeide med, eventuelt som ein del av eit lys-i-alle-glas-arbeid? Kan ein til dømes bruke samanstilling av data som allereie finst i kommunene, til meir effektivt framskaffe oversikter over tomme bustader?

VEDLEGG



På dei neste sidene finn du følgande vedlegg:

- Bustadkartlegginga vinteren 2024 er oppsummert gjennom seks “personas” som blir presentert her. Ytterlegare oppsummering av funn finst i eigen rapport.
- Fokusgruppene gjennomført våren 2024 er også oppsummert i eigen rapport. Hovedfunn er presentert her.
- Konseptskisser for småbrukstunet “Reveskogen” er lagt ved her. Prosjektet er også meir utfyllande presentert på heimesida: <https://reveskogen.my.canva.site/>
- Konseptskisser for det sosiale leiligheitsbygget “Solenga” er lagt ved her. Prosjektet skal også på sikt få eiga heimeside.

Eva
30 år



Fakta

Bosted: Gol
Bolig: Leilighet, leier

Født og oppvokst i Hallingdal. Er singel og bor alene i en leilighet hun leier på Gol.

Er i full jobb.



Behov

Eva ønsker å fortsette å bo i Hallingdal, mye på grunn av **naturen** og **landskapet** og **folkene som bor der**. Det viktigste for henne er **gode utsiktsforhold** og **gode og trygge oppvekstmiljø** for kommende barn. **Nærhet til jobb** er også viktig.

Hun synes det er for **høyt prisnivå** på både leiligheter og eneboliger. Det er også **få boliger** på markedet.

Hun mener at det kan være flere eldre som ønsker å flytte til leilighet, noe som kan frigjøre flere eneboliger til sånne som henne, men at det kan være stor risiko for de eldre, og at de kanskje ikke ønsker mer lån.



Økonomi og eierskap

Inntekt i husstanden: ca 500.000 kr.

Kan kjøpe for: ca 2-3 millioner kroner.

For å finansiere boligen sin ser hun for seg at hun kanskje kan kvalifisere til **startlån fra Husbanken**. Hun vet ikke helt hva det vil si, men det høres interessant ut for henne. Ellers er hun interessert i **Leie til eie** eller kanskje **Bostart** eller lignende.

Fellesarealer er hun veldig interessert i, men vil helst ikke at prisen på boligen skal bli dyrere. Så hun vil helst finansiere med å **betale høyere månedlige fellesutgifter**. Hvis det trengs kan hun også **gi fra seg litt privat areal** i bytte mot mer fellesarealer.

Hun ser for seg å kjøpe sin første bolig om **2-3 år**. Hun tror ikke hun har mulighet til å kjøpe noe nytt, så det er mest realistisk å **kjøpe noe brukt**.

Eva
30 år



Fakta

Bosted: Gol

Bolig: Leilighet, leier

Født og oppvokst i Hallingdal. Er singel og bor alene i en leilighet hun leier på Gol.

Er i full jobb.



Fellesskap og deling

Hun kan være interessert i å dele areal med andre, men da først og fremst **forsamlingslokaler**, **aktivitetsrom** og **utearealer**. Dette kan helst finansieres gjennom månedlige fellesutgifter.

Når det kommer til **utstyr og verktøy** er dette også interessant, og hun ser både de **økonomiske og miljømessige fordelene** ved å ikke eie alt selv.

Det er **mindre viktig** for henne å dele bad, kjøkken og stue/oppholdsrom. Hun liker å ha **sitt eget privatliv**.



Hjem og nabolag

Eva er mest interessert i å bo i **enebolig**, og ønsker å fortsette å bo der hun bor, alternativt i **Ål sentrum**, der synes hun det er fint. Hun har også en liten drøm om **småbruk**, men gleder seg til hun får en **egen hage** en gang, hvor hun kan plante litt grønnsaker og bærbusker.

Dersom hun skulle ha råd til å kjøpe noe nytt er det viktig for henne å kunne **påvirke planløsning og utearealer** i kjøpsprosessen.

I huset ønsker hun ideelt sett **2-3 soverom**. **Bod/lagringsplass** og **garasje** er viktig for henne, ellers ønsker hun seg et eget rom som kan være **vaskerom**.

Hun vil helst bo i samme nabolag med **andre i samme livssituasjon** som seg selv. Kanskje kan hun finne en kjæreste?

Olga
45 år



Fakta

Bosted: Hovet

Bolig: Enebolig som de eier selv

Bodd i Hallingdal i 13 år.

Bor sammen med sin ektefelle og barn.

Er i full jobb.



Behov

Olga er **arbeidsinnvandrер** som har slått røtter i Hallingdalen. Hun kom på grunn av arbeid, og jobber i 100% stilling. Her vil hun bo for resten av livet tenker hun.

Hun **bor i egen enebolig i dag**, og har ingen tanker om å kjøpe ny. Skulle hun vurdere å kjøpe ny bolig måtte hun få litt bedre råd, boligene på markedet må bli billigere og det måtte være flere boliger å velge i. **Og hun vil fortsatt bo i egen enebolig, helst en brukt bolig.**

I huset sitt har Olga behov for **3 soverom, garasje, lagringsplass, vaskerom og gjesterom.**

Et rom til hjemmekontor, kjellerstue og et rom som kan leies ut er også interessant.



Økonomi og eierskap

Inntekt i husstanden: ca 700.000 kr.

Kan kjøpe for tror hun: ca 2-3 millioner kroner.

Olga ser at "**eie til leie**" og **startlån** er ordninger hun kunne benyttet seg av, **men kjenner ikke så godt til de ordningene som finnes.**

Siden Olga har egen bolig nå, så følger hun ikke så veldig godt med på markedet i Hallingdal. Hun syns det virker som at utvalg av leiligheter som er planlagt og under oppfølging nå er ganske ok.

Olga
45 år



Fakta

Bosted: Hovet

Bolig: Enebolig som de eier selv

Bodd i Hallingdal i 13 år.

Bor sammen med sin ektefelle og barn.

Er i full jobb.



Fellesskap og deling

Olga tenker ikke at å dele med andre har så mange fordeler, men ser at det er **økonomiske fordeler ved å slippe å kjøpe alt utstyret hun trenger selv**, og at det er miljømessige fordeler ved å kjøpe mindre utstyr og ting, og dermed redusere forbruk.

Man blir også lettere kjent med folk hvis man deler på ting, og man kan hjelpe hverandre

